

**Notat**Dato: 03.10.2017  
Arkivsak: 2017/15937-1  
Saksbehandlar: birhau

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Tilrettelegging for elevar som driv med idrett på høgare nivå**

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå møte i Utval for opplæring og helse 5. september 2017, der representanten Alexander Fosse Andersen ber om ei orientering om korleis skulane legg tilhøva til rette for at elevar kan kombinere skulegang og idrett på høgare nivå.

Det er tre tilretteleggingstiltaka som er aktuelle for elevar som driv idrett på høgare nivå:

- Utvida tid
- Fritak frå føring av fråvær for inntil 10 dagar pr. opplæringsår
- Sjølvstendig studiearbeid

**1. Utvida tid**

Toppidrettsutøvarar kan få utvida retten sin til vidaregåande opplæring, eventuelt også forlenga fristen for å ta ut opplæringsretten.

På studieførebuande utdanningsprogram er hovudmodellen at ein får fritak i enkeltfag. Dette er spesielt aktuelt for elevar i Vg2 og Vg3. Faga det er gitt fritak for, blir lagt til eit fjerde opplæringsår. Skulane lagar saman med elevane ein plan for dette. Søknad om å få utvida retten med eitt år vert handsama av inntakskontoret.

I yrkesfaglege utdanningsprogram er det meir vanleg å få godkjent å ta Vg1 og/eller Vg2 over to år. Årsaka til forskjellen mellom yrkesfaglege utdanningsprogram og studieførebuande utdanningsprogram er at den yrkesfaglege opplæringa er meir spesialisert allereie frå Vg1. Vidare er det slik at mange elevar byter skule mellom Vg1 og Vg2. Årsaka til dette er at skulane har ulike programområde.

**2) Fritak frå føring av fråvær for inntil 10 dagar**

Elevar som deltek på idrettsarrangement på nasjonalt eller internasjonalt nivå, kan krevje at fråvær inntil samanlagt 10 skuledagar i eit opplæringsår ikkje blir ført på vitnemålet eller på kompetansebeviset dersom det kan dokumenterast at fråværet skuldast slik representasjon. Jamfør § 3-47 5 ledd bokstav f) i forskrift til opplæringslova.

**3) Sjølvstendig studiearbeid**

Elevar kan avtale med skulen at dei skal ha sjølvstendig studiearbeid i staden for å møte til undervisninga

dersom dei gjer skularbeid på eigenhand. Sjølvstendig studiearbeid må avtalast med skulen i forkant. Dette vert ikkje rekna som fråvær.